

**MØTEBOK****Høyringsuttale om endring i forskrift om spesielle opptakskrav til allmennlærarutdanninga.**

Utval sak	Utval	Møtedato
063/04	Utval for oppvekst og omsorg	02.09.04

Samandrag:

Det kongelege utdannings- og forskingsdepartement har sendt ut på høyring eit forslag om endringar i forskrift om opptakskrav til grunnutdanningar ved universitet og høgskular.

Saksopplysningar:

Når det gjeld lærarutdanninga reiser departementet spørsmålet om å setja ei nedre grense i ein skilde fag (norsk og matematikk) eller i totalpoengsum frå vidaregåande skule. I dag held det å ha godkjent karakter (karakteren 2) i dei faga som krevst for å få generell studiekompetanse. Ein kan og koma inn utan å ha fullført vidaregåande skule, men har god realkompetanse. Desse blir individuelt vurdert. I praksis har høgskulane rundt om i landet høgare krav til inntak enn at ein har bestått. Søknadsmengda til studieplassane avgjer kor høg poengsum ein må ha. Byane har høgare søknad enn distrikta, og difor er krava generelt høgare der.

Bakgrunnen for forslaget om å setja spesielle opptakskrav til allmennlærarutdanninga er at ein veit at læraren er den viktigaste ressursen i høve til barn si grunnopplæring. Departementet ønskjer å setja fokus på kvaliteten i grunnopplæringa og ønskjer difor å setja sterkare faglege krav til kven som skal få undervisa barn. Departementet meiner at spesielle opptakskrav vil rekruttera kvalitativt betre sökjarar.

Departementet kjem med seks ulike alternativ til minstekrav. Sjå tabell under. Prosentsatsen viser kor mange som truleg ville kome inn dersom desse krava galdt i perioden 2001-03. Skulepoeng tyder karaktergjennomsnitt pluss eventuelle ekstra poeng som ein fordjupning eller bonuspoeng ved ein skilde studieretning. Snittet blir multiplisert med 10.

Alternativ 1 Karakteren 3 som minstekrav i norsk og matematikk	77,6%
Alternativ 2 Karakteren 4 som minstekrav i norsk og matematikk	30,4%
Alternativ 3 Minstekrav om 40 skolepoeng	60,4%
Alternativ 4 Minstekrav om 35 skolepoeng	85,4%
Alternativ 5 Minstekrav om 40 skolepoeng og minimumskarakteren 3 i norsk og matematikk	63,8%
Alternativ 6 Minstekrav om 35 skolepoeng og minimum karakteren 3 i norsk og matematikk	76,3%

Vurdering:

Skuleadministrasjonen i Fitjar kommune ser det som ønskjeleg at krava til basiskunnskap ved opptak til lærarutdanninga er høgare enn karakteren 2 i norsk og matematikk. Ein bør og ha høgare gjennomsnitt på dei andre karakterane ved oppstart, sjølv om ein sjølvsagt kan tileigna seg mykje kunnskap i løpet av fire år på høgskule. For kommunen er det viktig at det blir utdanna nye lærarar med høg kompetanse slik at kvaliteten på undervisninga blir oppretthalde og i nokre høve betra.

Framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg vedtek å gje følgjande uttale til høyringa om spesielle opptakskrav til allmennlærarutdanninga:

Det må stillast minimumskrav ut over bestått eksamen på studieførebuande linjer ved vidaregåande skule, for å kunna ta til på allmennlærarutdanninga. Dette er særleg viktig i høve til norsk og matematikk. Kommunen tek ikkje stilling til kva alternativ som eventuelt skal veljast.

Behandling i Utval for oppvekst og omsorg 02.09.2004:

Vedtak i Utval for oppvekst og omsorg 02.09.2004 : samråystes

Utval for oppvekst og omsorg vedtek å gje følgjande uttale til høyringa om spesielle opptakskrav til allmennlærarutdanninga:

Det må stillast minimumskrav ut over bestått eksamen på studieførebuande linjer ved vidaregåande skule, for å kunna ta til på allmennlærarutdanninga. Dette er særleg viktig i høve til norsk og matematikk. Kommunen tek ikkje stilling til kva alternativ som eventuelt skal veljast.



Rådmann